

# KYRKJEBLAD

61. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 2/2007

## Sommar

- **Andakt** ● **Konfirmantbilete**
- **Dugnadsarbeid i kyrkjelydane**
- **Nytt ansikt på kyrkjekontoret**
- **Reidun sluttar** ● **Stanghelle gravplass**
- **Gøran Fristorp til Stamnes**
- **Flott pinsegudsteneste i Stamnes**
- **Sjelesorgsenteret på Haraldsplass**
- **Slekters gang** ● **Velkommen til kyrkja**



### Stanghelle gravplass

Sommarhjelparane held den nye gravplassen på Stanghelle i god stand. Her er Mats, Kristian og Abraham i full gang med plenklippinga. Måsungen som vart fødd i reiret på den store steinen har rømt frå plenen i siste liten.

**VAKSDAL PRESTEGJELD****Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3  
5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Fax 56 59 39 29

E-post: [kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no](mailto:kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no)

**Ekspedisjonstid:**

Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30  
onsdag kl. 10.30-13.30

**Kyrkjeverje Svein Tøsse**

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltlf. 95 97 99 05

E-post: [kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no](mailto:kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no)

**Sokneprest Frode Kvamsøe**

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltlf. 90 19 65 14

E-post: [soknepresten@vaksdal.kyrkja.no](mailto:soknepresten@vaksdal.kyrkja.no)

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: [fkv@broadpark.no](mailto:fkv@broadpark.no)

**Kapellan Edvard Bø**

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltlf. 90 84 06 24

Fax 85 02 45 70

E-post: [kapellanen@vaksdal.kyrkja.no](mailto:kapellanen@vaksdal.kyrkja.no)

Postboks 23, 5725 Vaksdal

**Kantorane Olav Arne Steinkopf og Tone Synnøve Øygard Steinkopf**

Tlf.kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: [steinkopf@c2i.net](mailto:steinkopf@c2i.net)

**Organist i Eksingedalen og Eidsland Asbjørn Nese**

Tlf. privat: 56 59 59 26

**Telefon til soknerådsleiarar**

**Stamnes:** Odd Helland, 56 59 81 33

**Eksingedalen:** Britt Nese, 56 59 58 12

**Felles for Vaksdal, Dale, Bergsdalen og**

**Nesheim:** Ragna Lid, 56 59 89 20

**Samtale med presten**

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

**STOFF TIL NESTE NR.**

må vera kome inn til Kyrkjekontoret  
innan 1.september.

**Medarbeidaren!**

I år skal det satsast på medarbeidarane i kyrkjelydane. Som medarbeidar reknar me alle som gjer ein innsats for kyrkjelyden og kristenlivet i soknet. I juni vart det halde ei fest for dei fleste av desse, og meir slikt skal det verte. Me ynskjer å vise at me set pris på innsatsen, for det er slik me byggjer opp ei levande folkekirkje. Alle timar med dugnad, alle vaflar, kaker, kaffikoppar og all rydding er viktig. Nokon deltek ein gong eller to, andre har teke på seg faste oppdrag.

Til hausten vil me gå eit steg vidare, og registrere dei som ynskjer det slik at me kan samle ein liten flokk medarbeidarar i kvar kyrkjelyd. Me veit at det er mange flinke folk rundt om, dette ser me når det er konfirmantfestar eller dugnadsarbeid her og der.

Eit av spørsmåla me vil stille er:

Kan du tenkje deg å hjelpe til på ei tilstelling, eller ein dugnad, eller andre aktivitetar som me har i kyrkjelyden?

Tenk på det!

**KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 150,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

**Bladstyrar:**

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret.

**Kasserar:**

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,  
boks 113, 5721 Dalekvam

**Eksp. Og trykk:**

Øystese Trykkeri A/S, Boks 34  
5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.

**Retur til:** Kyrkjekontoret for Vaksdal,  
Pb. 113, 5721 Dalekvam.



## DET EVIGE LYSET

**Å leva, det er å elsk  
Det beste di sjel fekk nå.  
Å leva, det er i arbeid  
Mot rikare mål å trå.**

**Å leva, det er i livet  
Å finna det største verd.  
Å leva, det er å vinna  
Til sanning i all si ferd.**

**Å leva, det er å leggja  
All urett og lygn i grav.  
Å leva, det er som havet  
å spegla Guds himmel av.**

I hele livet kan vi kanskje si at vi på en måte er i et regulert lyskryss med rødt, gult og grønt lys. Etter rødt lys får vi gult lys. Gult lys betyr at vi skal ut av krysset. Vi skal framover mot et mål. Se mot det evige lyset som Gud har gitt oss.

Vandre i lyset Gud ga til lykt på livets sti. Hans Helligånd fra himlen sendt, deg lys og kraft vil gi.

Vandre i dette sannhetslys fra Herrens ord og bud,  
Som fører hver en sjel som tror til samfunn med sin Gud.  
Vandre i lyset, og du skal få se Guds herlighet,  
Og gledes her, men mer i evig salighet.

**Jeg har hørt om et land  
på en fjern, stille strand.  
I min bibel dets skjønnhet jeg ser.  
Endt er trengselens tid,  
all bekymring og strid.  
Ei høst eller elde er der.**

### Den nye himmel og den nye jord.

Og jeg så en ny himmel og en ny jord, for den første himmel og den første jord var borte. Fra tronen hørte jeg en høy røst som sa: Se, Guds bolig er hos menneskene. Han skal bo hos dem, og de skal være hans folk, og Gud skal være hos dem. Han som sitter på tronen, sa da til meg: Se, jeg gjør alle ting nye. (Johannes åpenbaring 21)

Innsendt av O.Olsen

## Reidun sluttar på Kyrkjekontoret

Reidun Takvam har vore det faste haldepunktet på Kyrkjekontoret – og tidlegare prestekontoret – medan andre tilsette har byrja og slutta. Reidun er frå Stavanger, kom til Dale for fyrste gong i 1962 som lærarvikar. Sidan kom ho attende og gifte seg med Ragnar og fekk to døtre. Ho var i mange år engasjert i speidararbeid på Dale, Stanghelle og Stamnes. Ho har og vore med i Dale sokneråd i to periodar og vore redaktør for Kyrkjebladet. I 1988 fekk ho Vaksdal kommune sin kulturpris.

**- Kva var bakgrunnen for at du tok til med jobben på prestekontoret?**

Då ho som hadde stillinga gjekk ut i eit års fødselspermisjon i 1984, vart eg tilsett som vikar. Magne Olav Steinnes som då var sokneprest, kjende eg godt frå barndom og skuletid i Stavanger, så det var kjekt å jobba i lag med han. Etter kvart vart jobben lyst ut som fast stilling. Eg hadde vore lærar tidlegare, men hadde vore heime med borna i fleire år. Mykje av fritida mi brukte eg elles i speidararbeidet. Borna hadde byrja i skulen, og det var greitt å få seg i ei lita kontorjobb, så eg søkte og fekk stillinga.

**- Arbeidet har vel endra seg ein del sidan du byrja?**

Arbeidet den gongen var nok mykje annleis enn no. Eg sat i eit lite kjellarrom med ei elektrisk skrivemaskin. Når eg skulle føre kyrkjebøkene, som eg har gjort heile tida sidan, måtte eg opp i 1.etasje og henta dei tunge bøkene frå safen. Program til gudstenester skreiv eg på maskin, klippte, limte og kopierte. Det var ei stor overgang då data-alderen gjorde sitt inntog. Då delte eg pc med soknepresten. Seinare nærmeste "fløynde" det over med pc'ar, og prestar og organistar lagar programma sine ferdige sjølv.

**- Korleis vart det å kome ned i Messa?**

Det var få som fann vegen til kontoret i prestebustaden. Då vi flytta opp i Messa i 1996, var det som ei helt anna verd

opna seg. Folk kunne komme innom når dei hadde eit ærend, anten det var for å henta ein attest, melda om dåp eller vigsel, spørja etter opplysningar om gamle slektningsar fra kyrkjebøkene og mykje anna. Etter kvart fekk vi større kontor her i Messa og, kyrkjeverja kom frå Heradshuset og delte kontorfellesskapet med soknepresten og meg.



Saman med kapellanen og kantorane har vi hatt eit fint arbeidsfellesskap som eg har sett stor pris på. Sjølv om dei andre er ein god del yngre enn meg, har vi jobba godt saman. Dette arbeidsfellesskapet vil eg nok sakna. Vi er gode venner også, ikkje berre arbeidskollegaer.

**- Kva har vore dei viktigaste oppgåvene dine?**

Kva som har vore dei viktigaste oppgåvene, er ikkje godt å seia, men kyrkjebokføringa, både manuelt og på data, er nok ei sers viktig oppgåve. Elles er det viktig med kunngjeringar om gudstenester til avisene og sjekka at det er folk på plass til dei ulike tenestene i alle kyrkjene. Folk ringer til kyrkjekontoret i har mange ulike situasjonar. Det er hyggeleg når unge foreldre ynskjer å melda borna til dåp og unge par ynskjer å gifte seg i kyrkja. Eg har også hatt mange hyggelege samtalar med 50- og 60 års konfirmantar som melder seg på til fest. Gjennom desse over 20 åra har eg blitt kjent med mange fine menneske som har vore med i sokneråd og hatt teneste i kyrkja. Prestar og organistar har skifta, nokre var lenge, andre kortare periodar. Ein må venne seg til å jobba med ulike mennesketypar. Det kan iblant vera ei utfordring. Ei stor utfordring for meg har det også vore å fylgja med i data-alderen og dei ulike programma vi har for kyrkjebokføring og gravregistrering. Kjekt å kunne læra nye ting sjølv om ein ikkje er ung lenger!

**- Men no vel du altså å slutte?**

Eg har likt meg godt i jobben, men har funne ut at "alt har si tid," som det står hos Forkynnaren. No er det tid for meg å sleppa yngre krefter til og bruke tida mi til andre ting, blant anna familien. Eg ynskjer alt godt for kyrkjelydane i Vaksdal og vonar at fleire kan sjå at dei har ein plass og ei oppgåve i kyrkja, anten det er stort eller lite.



*Som pensjonist får Reidun endå meir tid til å stelle med mann, barn og barnebarn. For ikkje å nemne hytta i Bergsdalen, der Reidun og familien kosar seg så ofte dei kan.*

## Bladpengar for 2007.

I dette nummeret av kyrkjebladet er det lagt ved innbetalingsblankett for bladpengar. Me har valt å setje bladpengane til kr 150,-

Det er også høve til å gje ei gave til kyrkjebladet, ved å auke summen på innbetalingsblanketten.

Med ynskje om ein fin sommar,  
helsing redaksjonen.



GØRAN FRISTORP "Ei røyst, ein gitar"

Søndag 29. juli -07 (Olsok)  
kjem

# Gøran Fristorp til Stamnes kyrkje.

Konserten er ein del av Kulturdagane i Stamnes.

Gøran Fristorp er fødd i Ørebro i Sverige og starta sin musikalske karriere alt i skulealderen. Han slo for alvor gjennom i den svenske slagerfestivalen i 1973. Han spenner over eit breidt musikalskspekte og har gitt ut meir enn 20 plater.


Han er spesielt populær i Norge, og har hatt eit nært samarbeid med norske artistar som bassisten Arild Andersen og songaren og komponisten Karoline Krüger.

Han har i sine kyrkjekonsertar eit spanande program som spenner vidt.

Dette er ein konsert som absolutt kan anbefalast, så me tilrår alle å ta turen til Stamnes kyrkje, og la seg glede og inspirera av denne fine artisten!

Stamnes kyrkje er ikkje så stor, så vil du sikra deg billett, kan du ta kontakt med Oddny Kallestad på tlf. 99642590. Sjå også annonsar og plakatar som kjem seinare.

Arrangør : Skutefolket



## GUDSTENESTE I DET FRI I SOMMAR



*Frå årets Vassbakkstemna ved Vikavatnet i Stamnes 3.juni*

### **DALASTEMNA sundag 22. juli kl. 12**

Frå Flatekval går ein opp ved Dalastova, og det er felles avgang kl. 10.00. Ein må rekne med å gå i om lag ein og ein halv time til Storavatnet. Ved därleg ver, vert gudstenesta halden i Eksingedalen kyrkje. Ta kontakt med sokne-presten, 90 19 65 14, dersom du treng stadfesting på kvar gudstenesta vert.

### **OLSOKGUDSTENESTE Leiro /Eidsland sundag 29. juli kl. 13**

Ein tilvekst i gudstenestefloraen i Vaksdal er ei gudsteneste på Leiro i samarbeid med Eidsland Grendalag. Ein må rekna med omlag 1 time i gangtid. Ta med mat og drikke. Ved därleg ver, vert det gudsteneste i Eidsland kapell. Sjå i avisene og på oppslag for nærmere informasjon.

### **"FEST PÅ KJERKA" i Messehagen på Dale sundag 26. august kl. 11**

"Fest på kjerka" er eit uttrykk Sjømannskyrkja sjølv nyttar i sitt arbeid rundt om i verda, og kan hende er det særleg dei som har vore i utanriksfart til sjøs eller på landevegen som har vore med på noko slikt før. Men stadig fleire turistar, studentar og fastbuande nyter Sjømannskyrkjene rundt om i verda. Med denne gudstenesta vil vi freiste å få til litt av det opne fellesskapet som Sjømannskyrkjene er kjent for.

Konfirmantane i Dale sokn vert presenterte for kyrkjelyden i denne gudstenesta, og Torsdags-klubben er med og spelar. Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffi, sjølvsagt med vaflar, og ei kort samling etterpå. Ved därleg ver skjer det heile i Dale kyrkje.

*Frå Fitjavass-stemna  
10.juni i år.*



# "Dugnad" er eit fagert ord!

**dugnad**, etter gamalnorsk: norsk skikk, frivillig fellesinnsats av ei gruppe menneske, f.eks. eit grannelag eller ein venneflokk, for å utføre eit arbeid til ein person, eller til ei gruppe (kyrkjelyd) sitt felles beste.

Dugnadsbegrepet er typisk norsk. Våren 2004 vart ordet «dugnad» kåra til Noregs nasjonalord. I programmet "Typisk norsk" vart sjåarane inviterte til å foreslå og røyste fram eit norsk nasjonalord. «Dugnad» vann so vidt framfor "jah" (på innspurten), "matpakke", "hæ" og "koselig".


**I år** har det vore dugnad på hellelegging utafor sakristiet på Nesheim. Hellene vart tidlegare tekne bort grunna reparasjon av avlaupet, og no er dei komne på plass at.

**På Stamnes** har noko av kyrkja vorte måla på dugnad, resten vert truleg gjort av vedlikehaldsarbeidaren utover hausten.

**Vaksdal kyrkjelydsutval** har teke på seg å legge skiferheller i nokre gangvegar rundt kyrkja på Vaksdal. Skiferen er eit parti med bruddheller frå Voss.

## Takk for innsatsen!

Kyrkjeverja vil på vegner av kyrkjelydane få takke alle som har delteke på dugnad for kyrkja, og utfordrar gjerne fleire til å delta.



Skisseforslaget viser korleis ein har tenkt å utforme utearealet rundt Vaksdal kyrkje. Teikninga er laga av landskapsarkitekt Frode Pedersen — på dugnad, sjølv sagt!

Det vert naturleg nok ein del "spekulering" når ein skal ha ein demokratisk dugnad....

Her er hellene lagt ut på eit prøvefelt. Dei skal seinare flyttast til rett plass ved sida av kyrkja.

## Nytt ansikt på kyrkjekontoret

Tysdag 14. august vert fyrste arbeidsdagen for Jorunn Våle Tonckens som sekretær ved Kyrkjekontoret for Vaksdal. Jorunn er frå Voss, men har budd fleire stader i landet før ho no har slått deg til på Voss att. Ho er gift med ein nederlendar, difor har ho sitt noko unorske etternamn.

Jorunn har utdanning som kyrkjelydssekretær og har hatt fleire jobbar i kyrkjeleg samanheng tidlegare.

Me kjem attende med ein nærrara presentasjon av Jorunn i neste nr. av Kyrkjebladet

(Privat foto)




## Flott pinsegudsteneste i Stamnes kyrkje



Fredag før pinse var det ei sjeldan gudsteneste i Stamnes kyrkje!

Gudsteneste var resultat av eit samarbeid mellom skulane på Stamnes og Eidsland, Kulturskulen i Vaksdal, kantorane Steinkopf og sokneprest Bø. Dette samarbeidet var ein del av satsinga på Kreativt Oppvekstmiljø (KOM) som mellom andre Vaksdal kommune er med på. I tillegg til kjende element frå gudstenestene elles, var

gudstenesta mellom anna farga av lydar og lydkulissar som elevane hadde laga sjølv, og av fleire små kunstverk i glassmåleri-stil. Både dei som hadde oppgåver i gudstenesta og kyrkjelyden elles fekk høve til å nytte heile kyrkjerommet på ulikt vis, slik som utstillinga av biblar - der kyrkja sin eigen Bibel frå 1564 var den eldste.



## KONFIRMANTAR I VAKSDAL KYRKJE 6. MAI 2007



1. rekke frå venstre:  
Frida Waage  
Amundsen,  
sokneprest  
Edvard Bø,  
Monika Stavenes  
Åsen.

2. rekke frå venstre:  
Håkon Rosten  
Olsnes,  
Nikolai Hanevik,  
Morten  
Grenasberg,  
Sandra Nielsen  
Sælensminde

Foto: Løtvedt på Torget

## KONFIRMANTAR I STAMNES KYRKJE 13. MAI 2007



Foto: VaksdalPosten

1. rekkje frå venstre: Espen Stamnes, Martin Thunestveit, André Dæmring, Hagen Siv Stien

2. rekkje frå venstre: Stig Robert Leiren Tyssebotn, Joachim Gjerde, Joakim Vatle Lilletvedt, Emil Hvidsten Hesjedal,, sokneprest Edvard Bø

## KONFIRMANTAR I DALE KYRKJE 6. MAI 2007



Foto: Løtveldt på Torget

1.rekkje frå venstre: Pia Dahle Skjerveggen, Aina Sellevold, sokneprest Frode Kvamsøe, Jannike Valestrand Wefring, Julia Isabell Langhelle Thrulsen.

2. rekkje frå venstre: Eivin Dyvik Sellevold, Emelie Dahle Skjerveggen, Aina Simmenes Johansen, Ina Hesjedal Lunde, Ingeborg Ese Haga, Steffen Hammersvik, Kristina Larsen Bjordal, Jennie Grenasberg, Merethe Tvedt Grenasberg.

3. rekkje frå venstre: Mats Gjermo Schønning, Martin Søvik Fossmark, Hans Kristian Lid, Christian Thorsen Tveiterås, Stian Vatle, Aleksander Kvamme Nygård, André Kindem Fotland, Aleksander Vedå Krogsrud, Fredrik Stamnes Bjørnberg.

4. rekkje frå venstre: Miriam Kydland Skaftun, Benjamin Sellevold, Gøril Hvidsten Søvik, Veronica Arlene Helgesen Jordal, Ingrid Ulveseth Fossmark, Linda Maria Nøttveit Aas, Kristine Vik Totland, Stine Bukkestein Trohjell, Guro Dyvik Gullbrå.

Estela Egenberg vart og konfirmert, men var ikkje til stades under fotograferinga.

## KONFIRMANTAR I EIDLSEND KAPELL 29. APRIL 2007



Foto: VaksdalPosten

Sokneprest Edvard Bø, Eva Stamnes  
og Åsmund Hernes

## KONFIRMANT I BERGSDALEN KYRKJE 20. MAI 2007



Foto: Ragna Lid

Elisabeth Lid Trøen og sokneprest  
Frode Kvamsøe

**KONFIRMANTAR I NESHEIM KYRKJE 27.MAI 2007**

Foto: Liv Anne Bergo

Hilde Brønstad, Anna Bergo, Marie Berland Nesheim og  
sokneprest Frode Kvamsøe



Frå konfirmantfesten i Eksingedalen 15.juli – Kubbespel  
Frå venstre: Matias Lavik og Thor André Brørvik Eriksen (begge konfirmert i 2006)  
Hilde Brønstad, Anna Bergo og Marie Berland Nesheim (årets konfirmantar)

## Sjelesorgsenteret Haraldsplass – kristen omsorg gjennom samtale og kurs

-> Kven som helst kan komme til samtale på Sjelesorgsenteret uansett kva det skulle vera, fortel fagleg leiar ved senteret, Øystein Rønhovde. Vi ønskjer å **møta menneske der dei er med kristen omsorg.** Det skjer både gjennom samtale og ulike kurs. Bønn og skriftemål har også sin plass innafor ei sjelsortjene. Vi har ingen form for henvisning eller rapportering, men full teieplikt.  
Sjelesorgsenteret Haraldsplass er knytta til stiftelsen Bergen Diakonissehjem - ein fri diakonal stiftelse på evangelisk luthersk grunn.

-> Kven er målgruppa for dei tenestene de tilbyr?

Vi tilbyr **samtalar** for alle og einkvar som treng nokon å snakka med – både i høve til Gud, seg sjølv, medmenneske – ja, alt det livet kan dreia seg om. Vi driv ikkje behandling eller terapi, men diakoni gjennom samtale. Vi ønskjer å lytta, møta menneske med anerkjenning og respekt og bidra til livsmeistring. Utgangspunktet for samtalene er slik personen sjølv opplever og uttrykker sin aktuelle livssituasjon. Vi stiller ingen krav om tru eller livssyn til dei som kjem - sjølv om vår eigen ståstad er den kristne trua.

Ein del av samtalane dreier seg om utfordringar og problem i samlivet og familielasjonane. Vi driv derfor også **samlivskurs** som alle par har bruk for uansett korleis dei har det i lag – slike kurs er ei viktig investering både for paret og barna sin del. Desse såkalla PREP kursa har vi 4-5 av i løpet av eit år. No framover er det planlagt slike kurs både i mars og april, september og november.

Dessutan arrangerer vi kvar haust eit **sjelesorgkurs** for å gi hjelpe til både å møta seg sjølv og andre med Guds omsorg. Kurset i haust går over tre torsdagskveldar: 18. okt., 25. okt og 1. nov. Sjelesorgsenteret ønskjer også å vera eit tilbod for tilsette og medlemmer i ulike institusjonar og organisasjonar. Vi har **samarbeidsavtalar** med fleire slike instansar, t.d. Bjørgvin bispedømme, fleire kyrklelege fellesråd, ulike kristne organisasjonar og institusjonar.

-> Er det mange som arbeider ved senteret, og kva slags bakgrunn og kompetanse har dei?

For tida har Sjelesorgsenteret to som er tilsett i full stilling, dessutan to som har eit deltidssengasjement på ca 10% kvar. I tillegg vert sjukehusprestane ved Haraldsplass Diakonale Sykehus trekt inn på timebasis etter behov.

Vi som arbeider her representerer til saman ein ganske brei bakgrunn og kompetanse med erfaring frå undervisning, kyrkje- og organisasjonssamanhang, psykiatrisk sjukepleie og sjælesorg...

-> Det kostar vel ein del å søkja samtale ved senteret, men kvar får de elles inntektene til drifta frå?

Vi har ingen offentleg stønad til samtalane som derfor har ein eigenandel på kr 430, resten gir Stiftelsen Bergen Diakonissehjem stønad til. Når det gjeld samlivskursa gjer departementet oss økonomisk stønad slik at deltakaravgifta ikkje vert så høg. Men vi treng samstundes økonomisk hjelpe utover dette, derfor er vi takksame for både enkeltgåver og kollektar!

-> Har senteret ei lang historie, og kva er planane for framtida?

Sjelesorgsenteret feirar i år **10 års jubileum!** Det heile starta nemleg opp i 1997 med Helge Hitland, no prost i Nordhordland, som leiar.

Vi har ønske om å nå endå vidare ut både med samtale- og kurstilbodet vårt og gjerne byggja opp eit kompetansesenter for sjælesorg som eit tilbod for ulike kristne samanhengar rundt om. På sikt reknar vi med å bli ein del av Senter for livsmestring som Bergen Diakonissehjem har under oppbygging.

-> Korleis ta kontakt dersom ein ønskjer ein samtale eller å melda seg på eit kurs?

Ring 55 97 96 15/16 eller send ein e-post til [sjelesorgsenteret@haraldsplass.no](mailto:sjelesorgsenteret@haraldsplass.no)

Heimesidene våre kan gi deg meir informasjon, gå berre frimodig inn på [www.sjelesorgsenteret.no](http://www.sjelesorgsenteret.no) og ver velkommen!



*Me takkar våre annonsørar for  
støtta til bladet, og ynskjer alle  
ein god sumar.*

#### GRAVMONUMENTER



Fra Brødr. Strand Stenhuggeri

Vi har alle aktuelle steintyper. Be om katalog og tilbud  
NB! Fritt levert og montert alle kirkegårdene i distrikts-

Skrifttilføyelser – Oppussing

Harald Jordal

Tlf. 56 59 64 72 e. kl. 17.00



**SÆTERDAL  
ELEKTRO A/S**  
AUTORISERT EL. INSTALLATOR

Me leverer alt innan elektrikar-  
tenester, også varmepumper.  
**Telefon: 56 59 43 00**



**Hordaland BA**

Avd. 405 Dale

**5721 Dalekvam**

**Tlf. 56 59 61 01**



- ein lokal medspelar



Boks 12, 5721 DALEKVAM

Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord,  
middag og pizza til alle anledninger.

#### PENSJONSSPARING OG FORSIKRING

**Ta kontakt med oss lokalt!**



#### DALE MATSENTER

Pb. 163, 5701 Voss

tlf. 56 59 62 23

faks. 56 59 67 61

**Dei smarte sparar tid & peng.**



Har du bruk for elektrikar?

Vi yter god og rask service innan følgjande fagområder :

- Elektro sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Kontakt vår mann i Vaksdal: **Robert Lie, Tlf 907 25 800**  
Eller Hovedkontoret på Voss : **56 52 36 66**



**VAKSDAL BLOMSTER OG  
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

**Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.**

**Kransar - Sløyfer - Oppsatsar - Bårebukettar**

Tlf. 56 59 74 70 - Mob. 91 17 97 66

Einar Mjelde, tlf. 56 59 74 43 (priv.)

# Slekters gang

## DØYPTE

### VAKSDAL

25.03 Jonathan Tollefsen  
 15.04 Tobias Stammeshagen Falkanger  
 15.04 Ine Lekve  
 15.04 Benjamin Risberg Njaastad  
 06.05 Benjamin Natanael Maridal

### DALE

01.04 Stefan Lid Hermansen  
 01.04 Ingeborg Nummedal Rolland  
 01.05 Karina Kvamme  
 01.05 Linus Ulveraker  
 06.05 Sofie Wefring  
 17.06 Thea Terjesen Sæterdal

### STAMNES

08.04 Marthe Hesjedal Skrede  
 08.04 Maja Hauståker  
 13.05 Eli Anzhelika Goldin  
  
 11.03 Jenny Haugo Leonard,  
 Døpt i Vangskyrkja, Voss

### BERGSDALEN

20.05 Amalie Dalseid Landro

### NESHEIM

01.04 Silje Gullbrå  
 27.05 Peter Nesheim

## VIGDE

### STAMNES

11.03 Jannike Angela Haugo og  
 William Leonard,  
 Vigd i Vangskyrkja, Voss

### BERGSDALEN

02.06 Elisabeth Stammesfet og  
 Bjørn Gunnar Alvestad

## AVLIDNE

### VAKSDAL

01.04 Trygve Erling Tolås, f.1920  
 17.04 Anton Bernhard Vaksdal, f.1917  
 19.04 Kåre Skage, f.1917  
 03.05 Alma Elida Berge, f.1920  
 13.05 Sylvia Sæterdal, f.1914  
 27.05 Borghild Tolås, f.1910  
 11.06 Elin Nilsen Sælensminde, f.1965  
 12.06 Reidar Johan Vaksdal, f.1935

### DALE

19.03 Chanett Owe Fyllingslid, f.2007  
 31.03 Håkon Lilletvedt, f.1919  
 17.04 Enis Maria Pettersen, f. 1926  
 23.04 Ernst Idar Kristiansen, f.1960  
 25.04 Nelly Stanghelle, f.1923  
 25.04 Anton Tveit, f.1925  
 02.05 Jan Standal, f.1956  
 03.05 Hanna Hesjedal, f.1911  
 27.05 Eddie Torgersen, f.1938  
 30.05 Jane Marie Erdal, f.1959  
 09.06 Ingeborg Nesheim, f.1912

### STAMNES

31.05 Anders A. Holme, f.1915

### NESHEIM

05.06 Margreta Fosse, f. 1908



# Kirkens SOS

**Er du en som kan lytte?**

**Kirkens SOS trenger flere medarbeidere!**

Kirkens SOS starter kurs i samtaleferdigheter og krisehåndtering for nye frivillige medarbeidere til krisetelefonen. Kurset går på mandagskvelder med **kursstart 8. oktober 2007**. Medarbeiderne har vakt ca. hver 12. dag, og får støtte og veiledning så lenge de er med i tjenesten.

Hvert døgn tar nesten 600 mennesker kontakt med Kirkens SOS.

Oppgaven for våre frivillige medarbeidere er å lytte til innringer, og tåle å møte et annet menneskes smerte og sorg. Vi svaret også på SOS-meldinger via internett.

Medarbeidere skal ikke finne løsninger eller ”gode råd”. For å bli med må du være over 20 år.

Velkommen til en viktig og meningsfull tjeneste og et godt fellesskap!

Ring oss på tlf. 55 32 58 45 på dagtid eller 480 35 841 kveld og helg.

Du finner mer informasjon på [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

**VAKSDAL****KYRKJEBLAD****PRESTEGJELD****VELKOMEN TIL KYRKJA****VAKSDAL KYRKJE**

- 8.juli kl.11.00** Høgmesse. Bø. Nattverd.  
Offer til Tibetmisjonen  
**22.juli kl.11.00** Høgmesse. Bø. Nattverd.  
Offer til KABB – Kristen Arbeid blant blinde  
**5.aug. kl.19.00** Høgmesse. Kvamsøe.  
Nattverd. Offer til Normisjon.  
**19.aug. kl.11.00** Høgmesse. Nattverd.  
Offer til Norsk Misjon i Øst.  
**2.sept. kl.18.00** Familiegudsteneste. Bø.  
Konfirmantpresentasjon. Offer til barne-  
og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.  
**16.sept. kl.11.**Høgmesse. Bø. Nattverd.  
Offer til Norsk Lærarakademi – NLA.

**DALE KYRKJE**

- 15.juli kl.11.00** Høgmesse. Bø. Nattverd.  
Offer til Det Hvite Bånd.  
**29.juli kl.19.00** Høgmesse. Kvamsøe.  
Nattverd. Offer til Evangeliesenteret.  
**12.aug. kl.11.00** Kvamsøe. Nattverd.  
Offer til Norges KFUK-KFUM.  
**26.aug. kl.11.00** "Fest på kjerka" i  
Messehagen. Kvamsøe. Konfirmant-  
presentasjon. Offer til Sjømannskirken.  
**9.sept. kl.11.00** Søndagsskulens dag.  
Kvamsøe.  
**23.sept. kl.16.00** Ung Messe. Bø.

**BERGSDALEN KYRKJE**

- 2.sept. kl.11.00** Bergsdalsstemna.  
Kvamsøe. Offer til kyrkjelydsarbeid.

**STAMNES KYRKJE**

- 29.juli kl.18.00** Konsert med Göran  
Fristorp  
**5.aug. kl.11.00** Høgmesse. Kvamsøe.  
Nattverd. Offer til Tibetmisjonen.  
**26.aug. kl.18.00** Familiegudsteneste. Bø.  
Konfirmantpresentasjon. Offer til kyrke-  
lydsarbeid.  
**16.sept. kl.19.00** Høgmesse. Bø. Offer til  
Frelsesarméen.

**EIDSLAND KAPELL**

- 8.juli kl.15.00** Høgmesse. Bø. Nattverd.  
Offer til Normisjon.  
**29.juli kl.13.00** Olsok på Leiro. Kvamsøe.  
**23.sept. kl.11.00** Familiegudsteneste.  
Kvamsøe. Konfirmantpresentasjon.

**EKSINGEDELEN KYRKJE**

- 22.juli kl.12.00** Dalastemna. Kvamsøe.

**NESHEIM KYRKJE**

- 19.aug. kl.15.00** Høgmesse. Kvamsøe.  
Nattverd.  
**9.sept. kl.15.00** Høgmesse. Kvamsøe.  
Nattverd. Konfirmantpresentasjon.

Kulturdagane i Stamnes 2007

Konsert

Göran Fristorp

Stamnes kyrkje

Søndag 29.juli kl.18.00

Bill. Kr.200,-

Arr.: Skutefolket

**NON-STOP BØNEHELG**

Neste bønehelg vert 21. til 23.  
september i Dale bedehus. Gjer vel å  
setje helga av!